

# LAG BYGGING

1. September 2017 – 31. Mai 2018

## Aktivitetar (ca. 1,5time)

### «OVER BEKKEN ETTER VATN»:

Deltakarane står utanfor ein ring dei ikkje kan gå inn i. I midten av ringen er det plassert to bøtter, ei med og ei utan vatn. Laget får utdelt tau og stokkar og kan elles bruke naturen som hjelp. Utdringa er å få vatnet frå den eine bøtta over i den andre. Deltakarane må *kommunisere* saman og bruke *kreativiteten* for å løyse oppgåva. Oppgåva går på tid.

### TEIKNESERIE:

Laga får utdelt kvar si rute frå ein krimteikneserie som vert festa på ryggen. Deltakarane får ikkje sjå si eiga krim-rute. Utdringa vert å setja saman teikneserien i rett rekkjefølgje og å løyse mysteriet. *Kommunikasjon* er nøkkelen. Poeng for å løyse mysteriet, på kortast mogleg tid.

### STAFETT MED VATN:

Oppgåva er å fylla opp ein sylinder med vatn. Deltakarane må bruke *kreativiteten* for korleis dei skal frakte vatn frå fjorden og opp i sylindern. Oppgåva går på tid.

### KVADRAT:

Her må laget jobba saman munnleg for å danna eitt kvadrat ved hjelp av tau. Alle får utdelt briller med tape over så ingen ser kva dei gjer. Med hjelp av god *kommunikasjon* skal dei forma seg til eitt kvadrat med eitt tau mellom.

### HINDERLØYPE:

Her vert to og to deltakarar knytt saman og dei må ilag komme seg gjennom hinderløypa. Aktiviteten går på tid. Utdringa er *balanse, samspel* og *tillit*.

*Løysast ofte i form av oppdeling i lag og rullerande oppgåveløysing i sirkel slik at alle deltek samstundes.*

Pris ved minimum 12 personar: **395,- per person**

Pris for grupper færre enn 12 personar: **4740,- per gruppe**

*Alternative aktivitetar:*

**SAUEGJETING:**

Eit medlem av laget tek rolla som gjetar og resten er sauer. Gjetarens oppgåve er å gjeta flokken som har bind for auga inn i ein bingje med hjelp av eit spesielt kommunikasjonssystem, *lydar*. *Bruk sansane!*

**OLJEPLATTFORM:**

Laget skal prøve seg som byggearbeidarar. Det skal byggast ei oljeplattform med hjelp av det du finn i naturen, tannstikker og marshmallows. Den høgaste og stødigaste oljeplattforma vinn. *Kreativitet er nøkkelen.*

**PIL & BOGESKYTING – ØKSEKASTING – HESTESKOKASTING – MJØLKESPANNKASTING:**

Klassisk aktivitet med å skyte med pil og boge på blink. Duellér i økseasting, hesteskokasting eller mjølkespannkasting for å konkurrere mot dei andre laga.

**Kombiner aktivitetar med:**

**Rebus (ca. 1 time)**

Løys ulike kreative, spennande og utfordrande oppgåver i form av ein aktiv rebus. Gruppa deles inn i lag som gjennomfører rebusen og dei ulike postane saman. Flest rette svar og best gjennomføring gir gode resultat. Her må ein evne å *samarbeide* og vere *kreativ*.

Pris ved minimum 12 personar: **295,- per person**

Pris inkl. aktivitetar og rebus ved minimum 12 personar: **500,- per person (ca 2,5 time)**

Pris inkl. aktivitetar og rebus for grupper færre enn 12 personar: **6000,- per gruppe**

**Fjordsafari (1,5 time)**

Utforsk det beste av natur og kultur i verdsarvområdet i våre RIB-båtar. Basic FjordSafari tek deg med utover Aurlandsfjorden og inn i UNESCO-fjorden, Nærøfjorden. Snupunktet vårt ligg midt i verdsarvområdet ved Sagfossen, den største fossen i området. Me har flott utsyn innover Nærøfjorden og ser over halvparten av fjorden herifrå. Undervegs på turen vert det fleire stopp der guiden fortel om det rike dyrelivet, den scæreigne naturen og kulturhistoria til området.

Pris: **640,- per person**

**PAKKEPRISAR** inkl. aktivitetar, rebus og Fjordsafari:

**1140,- per person (ca. 4 timer, Minimum 12 pax)**

**13 680,- per gruppe (ca. 4 timer, gruppe pris for grupper færre enn 12 pax)**